

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Nord  
**Tid/Sted:** Fredag 24.03.17 kl 12 - kl 13.30  
**Tilstede:** Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Merethe Sund, Bjørn-Arne Skoglund, Birgitte Rørvik Bruun, Bente Roer og Svein Inge Jakobsen  
**Forfall:**  
**Kopi til:** Vara AU, Teig Madsen, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 24. mars 2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Transport livdyr</b> Svein Inge orienterte om at Sigurd Langfors har køyrt sjølv 3 000 smågris og 800 purker, men skal no selje bilen. Helgeland Dyretransport køyrer også. Vi har sett på å ta livdyrtransporten sjølve med eigen bil. Sparer truleg på det. Vore etterspurt vekt på gris. Har dyrebil som vert utskifta i Målselv, skal ta bilen til Helgeland. Mange produsentar bestiller transport direkte hos Helgeland Dyretransport, bør takast gjennom Nortura for å få økonomi i eigen bil. Pris i dag kr 50 pr stk, uavhengig av transportlengd, delt på kjøpar og seljar. Bør sjåast på prisen. Vekt: jobbar med å finne rett vekt som er robust. Helgeland Dyretransport kan ta livdyrtransporten fram til løysinga er på plass.  Svein tok opp misnøye med livdyrformidling i Finnmark. Svein Inge orienterte om at region Nord overtek livdyrtransporten, formidlinga fortsatt i Malvik. Kalven transportert frå Finnmark i regi av Horn var ikkje innmeldt til livdyrformidlinga. Kvaliteten på kalven er også ei utfordring.  <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Tek det lang tid før bilen kjem på plass?</li><li>• Svar: Ny bil til ferien, jobbar med vekta.</li><li>• Vil det få auka tilførslar?</li><li>• Svar: Har 100 % andel på gris i området</li><li>• Mykje livkalv frå Trøndelag til Helgeland no – positivt ☺</li></ul> <b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</b>	
2	<b>Reineigarar som Nortura-eigarar?</b> Svein har fått spm frå Anne Mai Olli om det er aktuelt. Svein Inge orienterte om at det har vore drøfta tidlegare. I leigeslaktavtale med Finnmark rein frå 2002 står det at Nortura ikkje skal drive reinsslakteri i eigen regi. Einerett til slakting og einerett til innmelding er no sett vekk frå, ved at vi driv leigeslakting. Er stevna no, og bør avvikle rettssaka fyrst. Reineigarane bør heller etablere sitt eige samvirke, og vi kan ta på oss leigeslakting.  Bente sit i revisjonsutvalet, og det vil drøftast der.  <b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. Svein Inge orienterer Anne Mai, og vi avventar rettssak med Finnmark Rein.</b>	
3	<b>Orientering frå styremøte 21. – 23.03</b> Bente orienterte om gjennomgang av kretsmøta og RU-møta. Offensivt budsjett, volum og vekst i daglegvare, pakking i papp, NOVA/IKT-prosjekt, m.m. er risikofaktorar. Risikodempande tiltak. Verdikjede kylling og konkurransekraft. Starta prosess med ny	

strategi, vert meir dynamisk. Takast vidare i konsernråd og RU. Oppnemnt fagutval. Totalmarked: I mai/juni skal ny engrospris vedtakast. Fortsatt stort underskot av storfe, kuimporten til låg pris forstyrrer. Ein del styringsdelar som biff og filet på lager pga dette. Ikkje lukkast med endra tollsats for ku enno. Sau/lam fortsatt krevjande overskot, uttak av 2015-reguleringslager. Importkvote frå Island og SACU er forstyrrande. Gris og egg: Overproduksjon, handterbart innanfor verkemidla. Truleg førtidsslakting av høner. Styret opptatt av krav frå kjedene om egg frå frittgåande produksjon, tilskot til omstilling er spelt inn til jordbruksforhandlingane.

Spørsmål/kommentarar:

- Sau/lam: Stort fokus på manglande kampanjar, kva skjer?
- Svar: Norgesgruppen på banen, men også dei andre kjedene. Må etterspørjast i butikk.
- Fagutval småfe: 2015-lager er tomt i løpet av neste veke, frysefrådrag på kr 19,50. Salt lammekjøtt vert produsert alt kva vi klarer, utfordring å vere leveringsdyktig pga produksjonstid.
- Vert prisløypa 2017 som i 2016?
- Svar: Fagutval småfe har gjeve råd om det, då effekten vart så god i 2016.
- Differensiert prisløype diskutert?
- Svar: Ja, diskutert i fagutvalet, umogeleg pga geografisk utfordring.
- Produksjon og foredling i Nord-Norge basert på råvarene i regionen, er det diskutert i styret?
- Svar: Måselv viktig for regional satsing.
- Svar: Produserer pølser til regionen, basert på råvarene for regionen for ikkje å sende slakt sørover. Jobbar også med andre produkt. Kostnad med fabrikkane vert ikkje dekt utan foredling.
- Beredskap å kunne ha produksjon andre stader i landet. Regional produksjon kan også nyttast til utvikling av spesialitetar.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

4 **Saker til årsmøtet?**

Innspel:

- Endre vurderer sak om regional produksjon og foredling.
- Merethe jobbar med ei sak.
- Storfe: Tal for utvikling i antal ammekyr og mjølkekyr. Rådgjevarar, rimelege bygningsløyisingar, økonomi i storfekjøttproduksjonen, innspel til jordbruksforhandlingane på tilskot,
- Skuldast nedgangen no endra teljedato?
- Redusert slakting pga behov for livdyr?
- Endre koordinerer.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

5 **Dato for AU-møte**

I møteplanen er det sett opp fysisk AU-møte 19. – 20. april. Svein Inge har ferie då, men moglege Arne Flatmo kan delta.

Innspel:

- Lamminga startar veke 17, så veke 16 er OK.
- Birgitte får ikkje til veke 16.
- Revidert møteplan bør vere sak då.

**Vedtak: AU Nord møte tysdag 18.04 i Bodø.**

---

6 **Eventuelt**